



Norm for parkering

Sunnfjord
kommune



Vedlegg 4

Kommuneplanen sin arealdel 2024–2035
–vedtatt i kommunestyret 20.juni 2024

Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Verknad.....	3
3	Geografiske inndelingar	3
4	Parkeringskrav	6
5	Utforming	9
5.1	Parkering for personbilar	9
5.2	Lading elbil	9
6	Bustad.....	9
6.1	Grad av utnytting	9
6.2	Plassering og snuplass.....	9
6.3	Sekundærleilegheit.....	9
7	Parkering for rørslehemma	10
7.1	Utforming.....	10
8	Sykkelparkering	11
8.1	Plassering.....	11
8.2	Utforming.....	11
9	Unntak frå parkeringsnorma.....	11
9.1	Tinglyste plassar.....	11
9.2	Sambruk.....	11
9.3	Frikjøp	12
10	Retningslinjer.....	12

1 Innleiing

Norm for parkering er eit verktøy til Sunnfjord kommune si handsaming av regulering- og byggesaker. Den gjev krav og reglar til parkering som skal bli brukt ved handsaming av tiltak etter plan- og bygningslova (pbl). Den fastset tal parkering for å dekke behovet i samsvar med det aktuelle byggeprosjektet.

Føremålet med parkeringsnorma er å ivareta tilstrekkeleg parkering for beboarar, arbeidstakrar, publikum og andre brukarar med omsyn til behov, miljø og kvalitet. Norma skal bidra til arealeffektiv bruk av bygge- og bustadområda. Målet om effektiv arealbruk ligg også bak ein reduksjon av tal parkeringsplassar i sentrumsområda. Formålet er også å redusere overflateparkering i sentrumsområda ved tilrettelegging i kjellar og parkeringshus.

2 Verknad

Parkeringsnorma vert brukt i regulering- og byggesaker for å avklare tal plassar som skal vere etablert ved nybygg, ombygging, bruksendring og andre tiltak som kommunen finn relevant etter pbl. Nye tiltak etter lova vil medføre krav til parkering i samsvar med det som følgjer av parkeringsnorma.

Med nybygg er det meint oppføring av byggverk, tilbygg, påbygg, underbygging, plassering av bygning med meir. Med bruksendring er det meint endring av tidlegare bruk, vesentleg utviding, eller vesentleg endring av tidlegare drift.

Kommunen kan særskild vurdere krava i parkeringsnorma ved tiltak til eksisterande bygde eigedomar, og oppføring av mindre tiltak etter pbl § 20-4.

Utrekning

Ved utrekning av parkeringskrav for bil og sykkel vert samla krav til parkering runda opp til nærmeste heiltal. Dette gjeld også tal plassar for parkering til rørslehemma.

Forholdet til reguleringsplan


Parkeringsnorma gjeld for alle nye byggesaker i område med reguleringsplanar som er vedteke før 26.09.2015. Reguleringsplanar etter dette kan fastsette andre krav til parkeringsplassar dersom det kjem tydeleg fram i føresegner til planen.

3 Geografiske inndelingar


Krav til parkering gjeld for heile kommunen. Det er særskilde krav og reglar til parkering i definerte sone som gjeld for Førde, Naustdal, Vassenden, Skei og Sande.

Sona med særskilde krav er vist som «Sone 1» og er illustrert i figurar her:

Førde




Naustdal




Vassenden



Skei



Sande



4 Parkeringskrav

Verksemd	Tal bilplassar			Merknad
	Eining	Min	Max	
FRITTLIGGANDE SMÅHUS Einebustad/tomannsbustad	Hovudeining	2		
	Sekundærleil.	1		
KONSENTRERT SMÅHUS Rekke-, kjedehus og andre småhus	1-2-roms leilegheit	1		Min. 5 % av gjesteplassar skal vere reservert rørslehemma. Min. 2 sykkelplassar pr. bueining Parkeringsplassar som overstig tal einingar skal fungere som felles gjesteparkering.
	3-roms leilegheit	1,5		
	4-roms leilegheit og større	2		
STORE BUSTADBYGG Frittliggende og samansette bustadbygg	1-2-roms leilegheit	1		Min. 5 % av gjesteplassar skal vere reservert rørslehemma. Min. 2 sykkelplassar pr. bueining Parkeringsplassar som overstig tal einingar skal fungere som felles gjesteparkering.
	3-roms leilegheit og større	1,5		

SONE 1 Konsentrert småhus og store bustadbygg	1-roms leilegheit	0,25	0,25	Min. 5 % av gjestepllassar skal vere reservert rørslehemma. Min. 1 sykkelplass pr. 1-/2-roms leilighet. Min. 2 sykkelplassar for 3-roms og over. Parkeringsplassar i hus og kjellar kan overstige tal maksimale plassar.
	2-roms leilegheit	0,5	0,5	
	3-roms leilegheit og større	1	1	
KONTOR (Sone 1)	100 m ² BRA	0,7	1	Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for minst 30 % av dei tilsette. Min. 4 sykkelplassar uansett storleik.
	100 m ² BRA (Sone 1)	0,3	0,3	
FORRETNING Tenesteyting, handel o.l. (Sone 1)	100 m ² BRA	0,7	1	Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for min. 30 % av dei tilsette. Min. 4 sykkelplassar uansett storleik.
	100 m ² BRA (Sone 1)	0,3	0,3	
STORVAREHANDEL	100 m ² BRA	0,3	0,7	Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for min. 30 % av dei tilsette.
INSTITUSJON Sjukeheim, omsorgsbustad, bu- og service o.l.	Senger + tilsett	0,4		Parkeringsbehov for tilsette og besøkande kan bli vurdert i kvart enkelt tilfelle avhengig av område. Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for min. 30 % av dei tilsette.
INDUSTRI OG LAGER Engros, produksjon, o.l.	100 m ² BRA	0,2		Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for minst 30 % av dei tilsette.
VIDAREGÅANDE SKULE	Tilsette	0,6		Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for minst 20 % av tilsette og elevar. Alle plassar for sykkelparkering skal vere under tak.
	Elevar > 18 år	0,1		
BARNE- OG UNGDSOMSSKULE	Tilsett	0,6		Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Det skal etablerast sykkelparkering for minst 50% av tilsette og elevar som har lov å sykle til skulen. Alle plassar for sykkelparkering skal vere under tak.

BARNEHAGE	Tilsett	0,6		Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for minst 50 % av dei tilsette. Parkerig for min. 2 sykkelvogner pr. avdeling i barnehagen.
IDRETSANLEGG	Tilskodar, sete, brukar	0,2		Parkeringsbehovet må bli vurdert nærmare i kvart enkelt tilfelle. Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for minst 30 % av tal tilskodar, sete og brukar samtidig.
SMÅBÅTHAMN	Båtplass	0,3		Sykkelparkering for minst 20 % av båtplassar.
HOTELL (Sone 1)	Gjesterom	0,3		Parkerig for tilsette er inkludert. Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for minst 30 % av dei tilsette.
BEVERTNING Restaurant, kafé, kro o.l. (Sone 1)	Sitjepllass	0,3		Parkerig for tilsette er inkludert. Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for minst 30 % av sitjepllassar.
FORSAMLINGSLOKALE Kyrkje, kino, teater	Sitjepllass	0,15		Parkerig for tilsette er inkludert. Min. 5 % av plassane skal vere reservert rørslehemma. Sykkelparkering for minst 30 % av sitjepllassar.

1. Frittliggjande småhus: Einebustad og tomannsbustad.
2. Konsentrert småhus: Rekkje-, kjede- og andre småhus med 3 bustadar eller fleire.
3. Store bustadbygg: Frittliggjande og samansette bustadbygg med 5 bustadar og fleire, og 2 etasjar og fleire.
4. Krav til utforminga av sykkelparkering sjå kap. «Sykkelparkering».
5. Krav til utforming av parkeringsplass/rørslehemma sjå kap. «Utforming».
6. Parkeringsplassar i parkeringshus og kjellar kan overstige tal maksimale plassar.
7. Sykkelparkering for tilsette i byggverket kan også bli rekna pr. årsverk.

5 Utforming

Parkeringsplassar skal ha ei tilstrekkeleg utforming for å ivareta sin funksjon som oppstillingsplass. Det er krav til alle typar parkering avhengig av brukaren og plassering. Ved opparbeiding av parkeringsplassar skal utforminga vere i samsvar med dei anbefalingar som går fram av SINTEF Byggforsk detaljblad 312.130.

5.1 Parkering for personbilar

Parkeringsplassar for personbil skal ha ein storleik minimum 5,0 x 2,5 m. Breiddemålet er fastsett per plass med føresetnad at den ikkje vert råka av veggar og søyler. Dersom parkeringsplassen er omfatta av vegg og/eller søyler må breidda ha ein storleik som er tilstrekkeleg. Sjå krav til utforming i detaljblad 312.130.

5.2 Lading elbil

Nye parkeringsplassar skal vere klargjort med føringsveg og areal for elektrisk infrastruktur for ladearanlegg til elbil i samsvar med byggeteknisk forskrift TEK17 § 8. Føremålet med å klargjere føringsveg for elektrisk infrastruktur er å gjere det mogeleg å installere ladesystem på eit seinare tidspunkt utan store kostnadar.

Kravet gjeld uavhengig om bilplassen er sjølvstendig eller om den er knytt til bygning. Det gjeld for eksempel ved etablering av frittliggende parkeringsplass, parkeringskjellar eller garasje. Det må vere anlagt grøfter med kabelrør eller føringsvegar for kabelgate i bygningen med meir.

6 Bustad

Det er eigne krav til parkering for bustad. Det er krav til tal oppstillingsplassar for bil og sykkel per bustadeining. Dette er fordelt på dei ulike bustadtypane, storleiken i tal rom, og kva område utbygginga skjer. Krava går fram under «Parkeringskrav».

6.1 Grad av utnytting

Areal for å dekke parkeringsbehovet på ei tomt skal bli medrekna i bebygd areal og bruksareal ved utrekning av grad av utnytting. Når parkering ikkje er dekka innandørs i garasje eller carport vert det rekna eit areal på min. 18 m² per oppstillingsplass.

6.2 Plassering og snuplass

Ved parkering for eine- og tomannsbustad er det tillate å plassere parkeringsplassar i rekke dersom dei inngår i same bueining. For eksempel parkering framfor eigen garasje, der ein parkeringsplass er godkjent i garasjen.

Det skal normalt vere areal til å snu på eiga tomt for å hindre rygging og manøvrering på offentleg veg. Etter konkret vurdering kan det bli tillate å bruke køyreveg som snuplass dersom den har låg fartsgrense og trafikk.

6.3 Sekundærleilegheit

Vert rekna som ei sjølvstendig bueining. Sjølvstendig bueining inneholder alle naudsynte funksjonar, og som etter kommunen si vurdering kan fungere uavhengig

av bustaden. Sekundærleilegheit med meir enn 2 soverom vert rekna som ei hovudeining ved krav til parkering.

Utleigar er ansvarleg for å dekke parkeringsbehovet på eigen grunn til ei kvar tid. Dette gjeld også ved utleige av rom som hybel i eksisterande bustad.

7 Parkering for rørslehemma

Ved bygging av bustad med krav om heis, byggverk med krav om universell utforming og uteareal, er det krav om parkering som er tilrettelagt for rørslehemma.

Der det er krav til parkeringsplass for rørslehemma skal min. 5 % av plassane vere reservert til dette. Kravet gjeld også ved etablering av frittliggende parkeringsplassar. Kravet vert runda opp til nærmeste heiltal ved utrekning av tal plassar.

7.1 Utforming

Parkeringsplassar for rørslehemma skal vere utforma og opparbeid i samsvar med SINTEF Byggforsk detaljblad 312.130.

Parkeringsplass for rørslehemma skal vere plassert nær hovudinngang, og avstanden skal ikkje vere større enn 20 m. Ved parkering innvendig skal den vere nær heis. Plasseringa skal vere slik at avstand til bygningen er kort og trygg, og heller ikkje i konflikt med anna trafikk.

Parkeringsplassen skal ha ein storleik på min. 6,0 x 4,5 m. Underlaget må vere plant og ha fast underlag. Hellinga skal ikkje overstige 1 % i noko retning. Plassar reservert rørslehemma skal ha tilstrekkeleg lyssetting, vere godt merka, og skilta.

8 Sykkelparkering

Sykkelparkering skal vere utforma og opparbeid i samsvar med anbefalingar i SINTEF Byggforsk detaljblad 312.130. Kravet til parkering for sykkel går fram under merknad i kapittel for «Parkeringskrav».

8.1 Plassering

Sykkelparkering skal vere lokalisert i nærleiken av den aktuelle bygningen. Parkering av sykkel til bustadar skal vere plassert så nær inngang til bustaden som mogeleg. Plasseringa kan vere i felles sykkelskur nær inngangen. Ein sykkelplass per bustad blir godkjent plassert i sportsbod.

8.2 Utforming

Parkering for sykkel skal vere utforma med gode låsemogelegeheter. Sykkelparkering skal vere utforma slik at sykkelramme kan bli låst til stativet. Med sykkelstativ vert det rekna ei breidd per plass på minimum 0,5 m.

- Minst 25 % av sykkelplassar skal vere utforma med overbygg med tak.
- For næring, forretning og anna offentleg verksemd skal minst 50 % av sykkelplassar vere utført med overbygg med tak.
- For skular skal 100 % av plassane vere overbygg med tak.

Det bør leggast til rette for at nokre av plassane er eigna for parkering og låsing av transportsyklar og syklar med hengar, helst under tak.

Ved verksemd der det er mange besökjande/kundar som til dømes daglegvarehandel, bør ein vurdere å ha eit høgare tal sykkelparkeringsplassar enn norma tilseier.

9 Unntak frå parkeringsnorma

Det kan i reguleringsplan bli sett andre krav og reglar til parkering enn det som går fram av krava i parkeringsnorma. Under er unntak frå norma som kan bli brukt i dei tilfelle krava ikkje kan bli innfridd då dei er lite hensiktsmessig og uøkonomisk.

9.1 Tinglyste plassar

Krav til parkering skal som hovudregel bli løyst på eigen grunn. Ved tinglyst parkeringsplass på anna eigedom kan krava likevel bli innfridd. Plasseringa må då vere i direkte nærleik til verksemda, og helst ikkje over 200 meter. Kravet må bli særskild vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Det blir presisert at som tinglyst erstatningsplass vert berre parkeringsanlegg og parkeringsplass av permanent karakter godteke.

9.2 Sambruk

Dersom to eller fleire verksemder nyttar dei same parkeringsplassane kan kommunen etter konkret vurdering tillate sambruk. Føremålet med sambruk er å redusere areal og parkeringsplassar for verksemder som er lokalisert i lag. Verksemdene som nyttar sambruk må fungere naturleg med kvarandre.

For at sambruk kan bli tillate må eit av vilkåra vere oppfylt:

1. Verksemduene er lokalisert i same bygning
2. Verksemduene er lokalisert på same eigedom.
3. Tinglyst avtale om felles bruk av parkeringsplassar.

I tillegg kan ikkje parkeringsplassane vere meir enn 200 meter frå hovudinngang.

9.3 Frikjøp

Dersom krava i parkeringsnorma i sentrumsområda ikkje kan bli innfridd kan ein søke om frikjøpsordning etter eigne reglar. Føremålet er at ordninga skal finansiere etablering av offentleg parkeringsplassar på lang sikt.

10 Retningslinjer

Byggesak og reguleringsplan

Det skal i byggesaker og reguleringsplanar vere med ei utgreiing som viser at parkeringsbehovet er løyst tilstrekkeleg i samsvar med byggetiltaket.

Parkeringskjellar og hus

Ved etablering av parkeringsplassar i parkeringskjellar under bakkenivå, i fjell eller i parkeringshus, kan krav til maksimalt tal plassar bli overskridne. Dette for å redusere arealbruken til parkering i sentrumsområda. Dette er meint for at det kan bli etablert fleire parkeringsplassar enn det som er maksimalt tillate i krava.

Lading elbil

For næring og anna offentleg verksemd bør minst 25 % av parkeringsplassar ha infrastruktur for lademoglegheit til elbil. Dette i form av ladeboks eller tilrettelagt slik at lading enkelt kan bli etablert utan store kostnadar og arbeid.

For bustadparkering bør minst ein parkeringsplass per bustad vere tilrettelagt for lademoglegheit.

Gjesteparkering

Krav til tal gjesteparkering er inkludert i parkeringskrava i tabellen. Gjesteparkeringsar må bli vist og dokumentert i byggesaka.